

FSK - 101/24 Tilråding. Budsjett 2025 og Økonomiplan 2025-2028:

Som rådmannens framlegg til budsjett, med fylgjande endringar:

DRIFT

1. Gebyrinntekter sjølvkost B25.

I høve til nivået i 2024: Auka inntektene med slik verknad: 789.000 kr i 2025, med 4.197.000 kr i 2026, med 4.757.000 i 2027 og med 5.275.000 i 2028.

Me bed rådmannen koma tilbake med gebyrframlegg som tek omsyn til desse rammene, samstundes som ingen gebyr skal vera høgare enn sjølvkost. Dette gjeld plan- og byggjesak, matrikkel, etc. Vatn, avlaup og renovasjon går som innstilt og gjeld frå 1.1.25. Pris for førehandskonferanse skal setjast til 1000 kr for 2025, og ikkje aukast meir enn KPI i økonomiplanperioden. Heradsstyret bed rådmannen koma tilbake med justerte satsar i samsvar med dette til andre møtebolk 2025.

Inntil då gjeld satsane for 2024.

2. Ferie-SFO:

Oppretthalda ferie-SFO. Det minskar innsparinga med 251.000 kr årleg i heile økonomiplanperioden.

3. Barnehageopptak.

Som rådmannen sitt framlegg, men med endring til to årlege opptak i 2025. Det minskar innsparinga med 1,5 millionar kroner for 2025.

4. Feriestengd barnehage

Behalda barnehagetilbodet i feriar som i dag. Det minskar innsparinga med 936.000 kr årleg i heile økonomiplanperioden.

5. Berlinbustad.

Me stryk innsparinga på 15.000 kr i heile økonomiplanperioden.

6. Kraftfond.

Som rådmannen sitt framlegg, men ingen søknad eller utbetaling frå kraftfondet i 2025, og 500.000 kr i 2026. Budsjettverknad 1 mill i innsparing i 2025, 500.000 kr i 26

7. Dagsenter Ålvik.

Me stryk innsparinga som går på å leggja ned dagsenteret i Ålvik. Det minskar innsparinga med 400.000 kr årleg i heile økonomiplanperioden.

8. Utekontora i Strandebarm og Ålvik.

Me vil vidareføra denne tenesta i 2025. Budsjettverknad for 2025: 1,4 millionar kroner.

9. Eigedomsskatt

Auka eigedomsskatten til 3,3 promille i 2025. Elles ei forskyving av rådmannens framlegg
Det gjev meirinntekt på ca 1,7 millionar, noko som reduserer inntekta dette året i høve til rådmannens framlegg med 4 millionar. Forskyvinga reduserer meirinntektene ytterlegare, slik at total reduksjon i inntekt vert
12.37 millionar i økonomiplanperioden.

10. Auke i bidrag til Grannehjelpa

Me vil auka det årlege tilskotet til Grannehjelpa med 200.000 kr kvart år i heile økonomiplanperioden.

11. Turistinformasjonen i Dalen.

Turistinformasjonen skal framleis liggja i Steinsdalen. Dette medfører mindre innsparing på 248.000 kr årleg frå og med 2026.

12. 0,5% auke i driftsinntekter.

Dette er overslag over auke i rammetilskot grunna demografi, og aukar inntektsgrunnlaget med 1.850.000 kr kvart år i heile økonomiplanen.

13. Reduksjon frikjøpsdagar for folkevalde.

Dette er ei meirinnsparing på 100.000 kroner årleg i heile økonomiplanperioden.

14. Kveldsmøte i Miljø- plan- og byggutvalet.

Innsparing 140.000 årleg i heile økonomiplanperioden.

15. Leggja inn att musikkterapeut (200' årleg i to år)

16. Forskyva reduksjonen på vikarkoordinator og adm.ressurs i barnehagen (267' i 2025 og 2026)

INVESTERINGAR

Heradet kjøper seg inn i byggjeprojekt

Lågare investering: minus 15 mill 2026, minus 20 mill i 2027

Uteområde Bjørketeigen barnehage

Ny investering: Tildeling 2025: 750.000,-

Oppstart av ny VA-plan, Nistagato

Ny investering: 500.000,-

VERBALPUNKT:

Helsesenter:

Me bed rådmannen å starta ein prosess for å få samlokalisert legekontora slik at det vert eitt legekontor i Kvam. Om mogleg – samlokalisera med andre helsetenester, slik at me får eit «helsesenter».

Rapportering til Heradsstyret:

Me bed om månadleg rapportering av nøkkeltal (måling mot budsjett), med samanstilling av tilsvarande tal føregåande år.

Oppveksttun i Ålvik

Heradsstyret bed om ei utgreiing av oppveksttun i Ålvik

Uteanlegg for demente

Heradsstyret bed om at administrasjonen kjem med ein plan for uteområde for personar med demens ved institusjonane.

Traineeordning

Heradsstyret bed rådmannen om å leggja til rette for deltaking i traineeordninga til Framtidsfylket.

Kommunerekneskap:

DRIFTSREKNESKAP Rådmannen sitt framlegg frå tabell § 5-6	2025	2026	2027	2028	SUM	
Sum driftsinntekter	- 1 143 000 000	- 1 155 000 000	- 1 153 000 000	- 1 165 000 000	- 4 616 000 000	
Sum driftsutgifter	1 188 000 000	1 171 000 000	1 167 000 000	1 167 000 000	4 693 000 000	
Netto finansutgifter	72 000 000	76 000 000	81 000 000	81 000 000	310 000 000	
Motpost avskrivningar	- 67 000 000	- 67 000 000	- 67 000 000	- 67 000 000	- 268 000 000	
MEIRFORBRUK NETTO DRIFTSRESULTAT (rådmannen sitt framlegg)	50 000 000	25 000 000	28 000 000	16 000 000	119 000 000	
SUM POLITISKE ENDRINGSFORSLAG DRIFT	9 079 000	6 963 000	9 296 000	3 566 000	28 904 000	*) Frå "Tiltak DRIFT"
SUM renter og avdrag endringsforslag INVESTERING	112 500	1 237 500	3 037 500	3 037 500	7 200 000	*) Frå "Tiltak INVESTERING"
JUSTERT netto driftsresultat etter endringer	59 191 500	30 725 500	34 258 500	16 528 500	140 704 000	
DISPONERING AV NETTO DRIFTSRESULTAT (tabell § 5-6)	2025	2026	2027	2028	SUM	
Netto bruk av frie og bundne fond Rådmannen sitt budsjettforslag	- 50 000 000	- 25 000 000	- 28 000 000	- 16 000 000	- 119 000 000	*) Frå linje 7
ENDRINGSFORSLAG Netto bruk av frie og bundne fond	- 9 191 500	- 5 725 500	- 6 258 500	- 528 500	- 21 704 000	*) Frå linje 8 og 9
Netto bruk av frie og bundne fond etter endringsforslag	- 59 189 475	- 30 723 474	- 34 256 473	- 16 526 472	- 140 704 000	
UTVIKLING DISPOSITIONSFOND (estimert til 174 MNOK pr 31.12.2024)	114 810 525	84 087 051	49 830 578	33 304 106		
INVESTERINGSREKNESKAPEN (tabell § 5-5 andre ledd)	2025	2026	2027	2028	SUM	
Investeringar i varige driftsmidlar Rådmannen sitt budsjettforslag	210 410 000	75 138 000	55 963 000	15 638 000	357 149 000	*) Frå "Løyvingsoversikt investering § 5-5"
ENDRINGSFORSLAG investering i varige driftsmidlar	- 1 250 000	- 15 000 000	- 20 000 000	-	- 33 750 000	*) Frå "Tiltak INVESTERING"
JUSTERT investeringar i varige driftsmidlar etter endringsforslag	211 660 000	60 138 000	35 963 000	15 638 000	323 399 000	

Tiltak drift:

Budsjett og økonomiplan 2024-27.					Framlegg til endringar DRIFT	
Forslagsstilar(ar)						
Nr.	ENDRINGSFORSLAG DRIFT (tal i kr)	2025	2026	2027	2028	SUM
a	Gebyrinntekter sjølvkost B25	3 000 000	6 000 000	7 000 000	7 500 000	23 500 000
b	SFO, behalda ferie-SFO	251 000	251 000	251 000	251 000	1 004 000
c	Endra barnehageopptak til 2 x pr år (ikkje 1). 1 opptak frå 26	1 500 000		-	-	1 500 000
d	Feriestengd barnehage - ikkje iverkett	936 000	936 000	936 000	936 000	3 744 000
e	Berlinbustad	15 000	15 000	15 000	15 000	60 000
f	Kraftfond	- 1 000 000	- 500 000			- 1 500 000
g	Dagsenter Ålvik	400 000	400 000	400 000	400 000	1 600 000
h	Utekontor, ny vurdering i 25	1 400 000				1 400 000
i	Eigedomsskattedepremie er uendra i 2025. (forskyving i eitt år)	4 000 000	4 000 000	5 300 000	- 930 000	12 370 000
j	Auke i bidrag til Grannehjelpa	200 000	200 000	200 000	200 000	800 000
k	Ytterlegare reduksjon i tenestnivå		- 3 000 000	- 3 000 000	- 3 000 000	- 9 000 000
l	Turistinformasjonen, framleis i Dalen		248 000	248 000	248 000	744 000
m	0,5% auke driftinntekter	- 1 850 000	- 1 814 000	- 1 814 000	- 1 814 000	- 7 292 000
n	Reduksjon frikjøpsdager	- 100 000	- 100 000	- 100 000	- 100 000	- 400 000
o	Kveldsmøte MPB	- 140 000	- 140 000	- 140 000	- 140 000	- 560 000
p	Musikktterapi	200 000	200 000			400 000
q	Koordinator barnehagane	267 000	267 000			534 000
r						-
s						-
t						-
NETTO endringsforslag		9 079 000	6 963 000	9 296 000	3 566 000	28 904 000
Endring i bruk av disposisjonsfond		- 9 079 000	- 6 963 000	- 9 296 000	- 3 566 000	- 28 904 000

Bruksanvisning

1) Berre dei kvite felta skal fyllast ut. Dei andre felta vert berekna automatisk.

2) Skriv i øvste felt kven som fremjar forslaget

3) Skriv inn endringsforslaga. Eit på kvar linje.

4) Legg inn tal for alle dei aktuelle åra i økonomiplanperioden.

- * Auke i utgifter eller reduksjon i inntekter skal registrerast med "pluss" fortegn.
- * Auke i inntekter eller reduksjon i utgifter skal registrerast med "minus" fortegn.

5) Alle forslag til auka utgifter må finansierast.

- * Finansiering kan vera reduksjon i utgifter eller auke i inntekter. Dette må leggjast inn i tabellen på eiga linje.
- * Forslag som ikkje er finansiert i forslaget vert automatisk finansiert med "Endring i bruk av fond"

Tiltak investeringar:

Budsjett og økonomiplan 2024-27.		Framlegg til endringar INVESTERING				
Forslagsstillar(ar)						
Rådmannen sitt framlegg frå tabell § 5-5 andre ledd		2025	2026	2027	2028	SUM
SUME investeringar i varige driftsmidlar		210 410 000	75 138 000	55 963 000	15 638 000	357 149 000
Renter og avdrag på investeringane som ligg inne i rådmannen sitt budsjettforslag er innarbeidd i budsjettet.						
Nr.	ENDRINGSFORSLAG INVESTERING (tal i kr)	2025	2026	2027	2028	SUM
a	Mindre investering i bustad	-	- 15 000 000	- 20 000 000		- 35 000 000
b	Uteområde, Bjørketeigen barnehage	750 000	-			750 000
f	Oppstart av VA plan for Nistagato.	500 000				500 000
d						-
e						-
f						-
g						-
h						-
i						-
j						-
k						-
l						-
m						-
n						-
o						-
p						-
q						-
r						-
s						-
t						-
NETTO endringsforslag "investering i varige driftsmidlar"		1 250 000	- 15 000 000	- 20 000 000	-	- 33 750 000
DRIFTSREKNESKAPEN Påverknad på netto driftsresultat		2025	2026	2027	2028	SUM
Årleg meirutgift renter 5 %		62 500	- 750 000	- 1 000 000	-	- 1 687 500
Årleg meirutgift avdrag 4 %		50 000	- 600 000	- 800 000	-	- 1 350 000
SUM Årleg meirutgift renter og avdrag		112 500	- 1 350 000	- 1 800 000	-	- 3 037 500
AKKUMULERT Årleg meirutgift renter og avdrag (overført til drift)		112 500	- 1 237 500	- 3 037 500	- 3 037 500	- 7 200 000
INVESTERINGSREKNESKAPEN etter endring		2025	2026	2027	2028	SUM
Investeringar i varige driftsmidlar (forutsett lånefinansiering)		211 660 000	60 138 000	35 963 000	15 638 000	323 399 000

Bruksanvisning

1) Berre dei kvite felta skal fyllast ut. Dei andre felta vert berekna automatisk.

2) Skriv i øvste felt kven som fremjar forslaget

3) Skriv inn endringsforslaga. Eit på kvar linje.

4) Legg inn tal for dei aktuelle åra i økonomiplanperioden når investeringen skal gjennomførast.

 * Auke i investeringsutgifter registrerast med "pluss" fortegn.

 * Fjerning av tidlegare vedtekne investeringar registrerast med "minus" fortegn.

5) Eventuelle auka eller reduserte driftskostnader, vedlikehaldsutgifter eller innsparinger knytt til investeringa må registrerast under drift